

AVDELING FOR HUMANISTISKE FAG OG LÆRARUTDANNING (AHL)

Kunnskapsdepartementet

Dato: 20.1.2017
Vår ref.: 16/01064
Dykkar dato: 20.10.2016
Dykkar ref.: 16/7240-

Høyringsvar frå Høgskulen i Volda om forslag til ny forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver

Høgskulen i Volda (HVO) viser til Kunnskapsdepartementet sitt brev av 20.10.2016 med forslaget til ny forskrift. Ved HVO er det Avdeling for Humanistiske fag og lærarutdanning (AHL) som har ansvaret for barnehagelærarutdanninga. AHL sender hermed over høyringsvar etter innspel frå fagmiljø som er involverte i barnehagelærarutdanninga ved HVO.

Kunnskapsdepartementet ber oss vurdere:

- Om forslag til ny rammeplan fungerer som eit tydelegare styringsdokument
- Om forslaget til ny rammeplan fungerer som eit veleigna arbeidsdokument for barnehagepersonalet
- Om forslaget til ny rammeplan ivaretek barnehagen sitt breie samfunnsmandat
- Kva delar av rammeplanen som bør utdjupast i rettleiingsmateriell.

Styringsdokument

Ved Høgskulen i Volda er det semje om at høyringsutkastet til rammeplan for barnehagen framstår som eit tydelegare styringsdokument enn RP11. Høyringsutkastet er kortare og ein har fjerna tekst som ikkje gjeld rettar og plikter. I høyringsutkastet kjem det tydelegare fram at rammeplanen er eit juridisk dokument, i tillegg til at det er lettare å orientere seg i planen. Vi saknar likevel fleire presiseringar, og forventar at det vil kome ei innleiing der mål, målgruppe og rammeplanen sin funksjon som forskrift til lova vert presisert. Høyringsutkastet gjer eit forsøk på å syne at barnehagen sitt oppdrag skal vere meir forpliktande ved at det er formulert mål for personalet sitt arbeid med omsorg, leik, danning, læring, sosial kompetanse, kommunikasjon og språk. Vi ønskjer likevel at kapittelet om ansvar og roller kan gjerast endå tydelegare, til dømes ei tydeleggjering av pedagogen sitt pedagogiske ansvar.

I høyringsutkastet ligg det føringar for korleis eigar, styrar, pedagogisk leiar og øvrig personale skal arbeide for å sikre at alle barn får eit godt barnehagetilbod med god kvalitet, og dette er positivt. Vi er likevel kritiske til at setningar som «Den enkelte barnehage står fritt til å velje metoder og omfang ut frå lokale forutsetningar og behov» ikkje er med. Dette er noko den enkelte barnehage (styrar) skal kunne vurdere. Det bør bli lagt ned meir arbeid med kapittelet om ansvar og roller, og det bør flyttast lengre fram i høyringsutkastet. Her er RP11 tydelegare. Strukturen i høyringsutkastet er for «flat» slik vi oppfattar det. Ein del av arbeidsoppgåvene som ligg spesielt til styrar og pedagogisk leiar er framleis usynleg. Vi ønskjer spesielt at organisering blir nemnt. Ei auke i store barnehagar, større barnegrupper og fleire tilsette gjer at organisering er ein større del av arbeidet til pedagogen enn tidlegare. Dette er ikkje godt nok synleggjort i høyringsutkastet.

Vi vurderer det som nødvendig at setninga «det skal normalt ikke settes mål for enkeltbarnet», står i rammeplanen. Vi saknar også omgrepet «prosessmål» som har vore nytta sidan første rammeplan for barnehagen frå 1997, og vi foreslår at dette blir tatt inn igjen.

Barnehagens verdigrunnlag

Formålsparagrafen frå 2010 er konkretisert i høyringsutkastet sin omtale av verdigrunnlag og formål. Tema som demokrati, mangfald, likeverd og bærekraftig utvikling og helse er tydeleggjort som ein del av barnehagen sitt verdigrunnlag. Vi reagerer likevel på at i staden for å kommentere og utbrodere dei verdiane som er vedtekne i formålsparagrafen til barnehagelova, kjem utkastet med fleire tilleggsverdiar som vert grundig presenterte. Fleire verdiar i formålsparagrafen, som åndsfridom, nestekjærleik og tilgjeving, som er eksplisitt nemnde i lovteksten, vert ikkje kommenterte i det heile. I staden får vi utgreiingar om til dømes demokrati, mangfald, likestilling og bærekraftig utvikling. Dette er viktige verdiar. Vi stiller likevel spørsmålsteikn ved at høyringsutkastet ikkje følgjer opp dei verdiane som Stortinget har vedtatt, og i staden innfører andre verdiar. For å sørge for at desse «rammeplanverdiane» også blir haldne i hevd av barnehagane, har høyringsutkastet tatt med ei innstramming av retten til private barnehagar for å formulere sitt eige livssynsformål. I RP11 heiter det at «Eier gis anledning til å fastsette bestemmelser som et supplement til de grunnleggende verdiene i formålsbestemmelsen. Det er ikke adgang til å unnta seg verdiene i formålsbestemmelsen og deres forankring i menneskerettighetene.» I høyringsutkastet er det lagt til: «Alle barnehager er forpliktet til å oppfylle barnehagens formål slik dette er beskrevet i barnehageloven § 1 og i rammeplanen.» Private barnehagar, som altså i følge lova har rett til ikkje å forankre verdiane i formålsparagrafen ut i frå kristen og humanistisk arv og

tradisjon, vil likevel vere bundne av dei tilleggsverdiane som rammeplanen lister opp i sitt verdigrunnlag, og som aldri har vore igjennom eit stortingsvedtak. Dei pålagde verdiane som private barnehagar må følgje, blir derfor langt fleire enn det som er føresett i lova. I staden for å tolke lova og gi detaljerte reglar for iverksetting av lovteksten, erstattar i stor grad høyringsutkastet lovteksten sitt verdigrunnlag med sitt eige, ved å ikkje nemne dei vedtekne verdiane og erstatte dei med andre. Vi vil peike på at det i utkastet står:

Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet. Dette er verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn, og som er forankret i menneskerettighetene.

Orda «Dette er» i siste setning, står ikkje i sjølve lovteksten, men er ei tolking. Med orda «Dette er», kan det sjå ut som det ikkje finst motsetningar mellom verdiane som er forankra i kristen og humanistisk arv og tradisjon og verdier som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn. Dette kan ein sjå på som eit forsøk på å prøve å dekkje over motsetningar som kan forekome. Lovteksten i seg sjølv seier ikkje at dette er eitt og det same. Tvert imot opnar lovteksten for at verdier frå andre religionar og livssyn kan supplere verdiane som er eksplisitt nemnde i lovteksten, så lenge dei er forankra i menneskerettane. Dette kjem blant anna tydeleg fram i Bolstadutvalget si eiga utgreiing ved framlegget til ny formålsparagraf: «Utvalget vil framheve menneskerettighetene som et forankringspunkt for verdiene og for å balansere religionene.» Denne tolkinga av lovteksten kjem også til uttrykk i RP11, der det heiter: «Menneskeverdet er grunnlaget for de andre verdiene.» Det vil seie at dei verdiane som høyrer til andre religionar og livssyn og som ikkje er nemnde i formålsparagrafen. Institutt for Religion, livssyn og kyrkjefag meiner at utkastet si lovtolking er feilaktig, samt at ho bidreg til å tilsøre det faktum at det kan finnast eit breiare verdigrunnlag for barnehagen enn dei verdiane som er eksplisitt nemnde, og at desse må prøvast mot menneskerettane.

Prinsippet om "barnets beste", foreldremandatet og samfunnsmandatet

I følgje Barnekonvensjonen skal ein sikre barnet sin rett til medverknad. Dette kjem i eit eige punkt i høyringsutkastet. Det gjer også samarbeidet mellom heim og barnehage (pkt. 3).

I RP11 blir det i avsnittet om barnehagens verdigrunnlag s. 12 gjort greie for at barnehagen skal lære barna om verdier forankra i kristen og humanistisk arv og tradisjon, men at opplæring til tru er heimen sitt ansvar, og at barnehagen må sjå til å ikkje kome i lojalitetskonflikt med heimen. Ein skal respektere både enkeltbarnet og foreldra sin integritet.

Oppmodinga om å lære barna «kritisk tenking» kan kome i konflikt til dømes med ideala innanfor ulike livssynstradisjonar der opplæring til tru og lydnad er viktig.

Samstundes ser vi at det er nødvendig å øve barna i ei sunn kritisk tenking til dømes i forhold til den medieverda dei lever i. Barnehagane kan oppleve at det er verdiar som vil stride imot dei verdiane som ein ønskjer at barnehagen skal byggje på. I høyringsutkastet vert det halde fram retten til å vere ulike, her vert ikkje verdigrunnlaget nemnt, i staden vert det stadfesta at barnehagen skal «fremme mangfold» og «synliggjøre variasjoner i verdier og kultur». Dette treng ikkje kome i konflikt med kvarandre, men kan absolutt gjere det.

Arbeidsdokument for barnehagepersonalet

Det er positivt at rammeplanen i høyringsutkastet er kortare, og rammeplanen vil på den måten vere lettare å få oversikt over. Vi tenker likevel ikkje at den vil fungere som eit veleigna arbeidsdokument slik den føreligg no. For å vere det må det kome fleire presiseringar, fagmiljøa har gitt ulike innspel:

Institutt for pedagogikk:

Dei yngste barna

Vi har oppfatta det slik at departementet har hatt ein intensjon å leggje meir vekt på dei yngste barna i høyringsutkastet. Vi ser *nokre* spor av dette (til dømes vert det vist til ulike former for kommunikasjon på s 9. og ei presisering under medvirkning på s. 6), men vi meiner at dette fortsatt ikkje er tydeleg nok. Spesielt tenkjer vi at avsnittet om overgangar kunne ha vore utvida. Det kunne til dømes ha vore formuleringar som at «det skal ligge føre ein plan for oppstart i barnehagen». Vi kunne også tenke oss at eit avsnitt om overgangar innad i barnehagen, og ei presisering av at desse også skal ta utgangspunkt i barnet sitt beste. Vi vurderer også dei to siste avsnitta om medverknad som utydeleg, og at det førekjem ei gjentaking.

Danning

Omgrepet danning var uklart i RP11, og er like uklart no. Vårt forslag er at det blir gitt ein kort definisjon, forsøkt å forklare, kva danning er, innleiingsvis i dette avsnittet. Vi som utdanningsinstutisjon ser eit behov for at danningsbegrepet får eit tydelegare innhald for barnehagane. Det vil vere fagleg usemje knytt til dette omgrepet, og vårt forslag er at dette kan utdjupas i eit temahefte, der ulike bidragsytarar kan presentere si forståing.

Barnehagen sin digitale praksis

I eit eige avsnitt under "barnehagens arbeidsmåter" er det kun digital praksis som blir trekt fram som ein arbeidsmåte, dette stiller vi oss undrande til. Digital praksis bør bli sidestilt med dei andre arbeidsmåtene som vert nemnt i kulepunkta på s. 10. Det bør ikkje bli framheva som ein arbeidsmåte overordna andre arbeidsmåtar i barnehagen.

Ei passiv vaksenrolle?

Vi stiller spørsmål til om høyringsutkastet vil kunne føre til ei meir passiv vaksenrolle.

Omgrep som å *legge til rette for*, *tilrettelegge* og liknande blir flittig brukt i utkastet, men dei tilsette sitt ansvar for planlegging, deltaking og initiativ blir mindre synleg. Dette ser vi til dømes under fagområdet kunst, kultur og kreativitet, der vi blant anna saknar ei formulering om at «personalet skal ta i bruk ulike teknikkar i arbeidet med barna».

I avsnittet om leik på s. 8 ynskjer vi eit kulepunkt:

- Personalet skal ta initiativ til lek

Vi er også kritisk til at leik vert omtala som eit behov som skal ivaretakast, mens læring og danning skal verte fremja. Å fremje leik for alle barn i barnehagen er ei viktig oppgåve.

Avsnittet bør etter vår meining vere tydeligare på personalet sitt ansvar for å inspirere, initiere og delta i barna sin leik, og på personalet sitt ansvar for å vere tett på i leiken og sørge for at alle barn får moglegheit til å delta.

Samarbeid mellom heim og barnehage.

I høyringsutkastet står det på s.7 «barnehagen skal begrunne sine vurderingar overfor foreldrene og ta hensyn til foreldrenes synspunkter. Samarbeidet skal sikre at foreldrene får innflytelse på den individuelle tilretteleggingen av tilbudet.» Vi er bekymra for at den siste setninga kan bli misforstått. Foreldre kan forstå dette slik at dei kan overstyre personalet i barnehagen når det gjelder det individuelle tilbudet.

Samisk barneoppdragelse

Vi er kritisk til formuleringa s. 10 om at «Barnehagen skal ivareta sentrale element fra samisk oppdragelse og bygge på en samisk forståelse av naturen». Kvifor trekke fram samisk barneoppdragelse spesielt? Skal barnehagen bygge på element frå barneoppdragelse? Og finst det éin samisk barneoppdragelse?

Vi foreslår formuleringa: «Barnehagen skal ivareta sentrale element fra samisk kultur (eller kulturforståelse) og bygge på en samisk forståelse av naturen.»

Institutt for planlegging, administrasjon og skuleretta samfunnsfag:

Informasjonssamfunnet

I høyringsutkastet saknar vi noko om å gi barna handlingskompetanse i høve til informasjons-samfunnet som dei veks opp i, og skal kvalifiserast for. Det handlar om å kunne sortere, reflektere, utvide og utdjupe informasjon i ein stadig aukande medialisert barndom. Å vere nysgjerrig og kritisk, meistre og forstå og gi dei kompetanse til å verne om seg sjølv.

Vi vil også rette merksemd mot tekst på s. 19 – 20, om vurdering og dokumentasjon. Her er det fleire formuleringar som vi fryktar kan opne for individuell kartlegging. Døme på dette er: s. 19, 3. avsnitt under vurdering: *Kunnskap om ... og enkeltbarnets trivsel og allsidige utvikling ...* S.19, siste avsnitt (dokumentasjon): *Dokumentasjon ... kan gi ...*

barnehagemyndighet informasjon om hva barn opplever, lærer og gjør i barnehagen ...

På s. 20, 1. avsnitt presiseres det at: *Vurderingar ... av enkeltbarnets trivsel og allsidige utvikling skal dokumenteres når det er nødvending for å gi ... enkeltbarnet et tilrettelagt tilbud.*

Det er mogleg at sitata over skal lesast i samanheng med denne utsegna? Då foreslår vi at dette løftast lengre fram, til 1. avsnitt under vurdering og dokumentasjon.

Seksjon for idrett og friluftsliv:

Profesjonsspråk

Manglande bruk av faguttrykk i høyringsutkastet vil svekke barnehagelærarane sin status og posisjon som ei viktig profesjonsgruppe. I ei tid då samfunnet har stort behov for personar med barnehagefagleg kompetanse, er det viktig at barnehagelæraren sin status og posisjon også blir sterkare tydeleggjort i rammeplanen.

Fysisk aktivitet og helse

På s. 6 i høyringsutkastet står det at «Barnehagen skal vere ein arena for dagleg fysisk aktivitet og fremje barna si rørsleglede og motoriske kompetanse». Dette blir for generelt og bør knytast nærmare opp i mot Helsedirektoratet sine oppmodingar om fysisk aktivitet for barn og korleis ein kan jobbe for å oppnå dette i løpet av barnehagekvardagen. Slik høyringsutkastet ligg føre er fokuset på barna sine grunnleggjande ferdigheiter, kroppsbeherskelse, fysiske eigenskapar, fysiske og motoriske utvikling og kroppslegheit no redusert til generelle samlebetegnelsar utan fagleg substans. Vi saknar også ei understreking av at kroppen er barna sin første forståingsinstans og at vi er skapt til å vere i rørsle. Kroppsleg danning og -læring er i denne samanhengen eit totalt fråverande element i planen.

Rørslemiljøet (varierte både inne, ute og bruk av nærmiljøet) til barna er viktig for den totale utviklinga, og for korleis det pedagogiske personalet skal jobbe for å legge til rette for den enkelte og gruppa som heilskap, dette bør få ein større plass i den nye planen. Friluftsliv og nærleik til naturen kjem heller ikkje godt nok til syne i høyringsutkastet. Det bør også understrekast at personalet er rollemodellar i arbeidet med kropp, rørsle, mat og helse.

Formuleringa på s. 13 «Gjennom arbeid med fagområdet skal barna få sanse, oppleve, leke, lære og skape med kroppen som utgangspunkt. Gjennom medvirkning i mat- og måltidsaktiviteter skal barna motiveres til å spise sunn mat og få grunnleggende forståelse for hvordan sunn mat kan bidra til god helse», ønskjer vi skal ha nokre tilføyningar, og vi føreslår den slik «Gjennom medvirkning i kroppsleg leik, fysisk aktivitet, mat- og måltidsaktiviteter skal barna motiverast til å vere aktive, spise sunn mat og få ei grunnleggjande forståing for kvifor fysisk aktivitet og sunn mat kan bidra til god helse».

Institutt for religion, livssyn og kyrkjefag:

I RP11 er både kristen og humanistisk tradisjon nemnt og kommentert, i tillegg er det understreka at ved å synleggjere religionar og livssyn i formålet, «godtek ein både at religionar og livssyn har ein plass i det offentlege rom, og at det er plass for ein åndeleg dimensjon i barnehagen. En slik plass må brukast som utgangspunkt for dialog, åndsfridom og respekt for mangfald, ikkje for å uttrykkje eit religiøst eller verdimessig hegemoni.» I tekstforslaget for revidert rammeplan som kom i 2014 er dette framleis med, men er utelatt i høyringsutkastet.

Omgrepet «åndeleg» eller «spirituell» kallar for enkelte fram spesielle assosiasjonar, men omgrepet er m.a. nytta i Barnekonvensjonen i art. 27, om barns levestandard, her om at barn har rett til ein levestandard som er tilstrekkeleg for barnets fysiske, psykiske, åndelege, moralske og sosiale utvikling. Dersom ein ser under fagområdet *Kropp, bevegelse, mat og helse*, ser ein at «Barnehagen skal leggje til rette for at alle barn opplever bevegelsesglede, matglede og matkultur, mental og sosialt velvære og fysisk og psykisk helse." Heller ikkje her er den åndelege delen av mennesket nemnt.

Fagområdet Etikk, religion og filosofi

I RP11 er religionar og livssyn nemnde premissleverandører for etiske normer. Barnehagen skal respektere mangfaldet, men samstundes ta med seg verdiar frå kristen og humanistisk arv og tradisjon. Den etiske rettleiinga til enkeltbarnet er knytt opp mot den enkelte heims religiøse- eller verdimessige tilknytning. I høyringsutkastet er desse tilknytingspunkta utelatne og i staden står det at fagområdet rettar særleg merksemd mot barnehagens samfunnsmandat og verdigrunnlag. Når verdigrunnlaget ikkje er definert ut frå formålsparagrafen slik som tidlegare, kan dette gi ei noko anna meining eller retning. Vi synest såleis dette er tilsrørande i staden for tydeleggjerande. Vi ønskjer at personalet sitt ansvar overfor den enkelte heim burde ha vore understreka tydelegare.

Vi synest det er greitt med den tydeleggjeringa som har skjedd med at høyringsutkastet nyttar *skal* i staden for *bør* når det gjeld barna sitt kjennskap til forteljingar, tradisjonar, verdier og høgtider i ulike religionar og livssyn, men skulle ønske at det framleis var knytt opp til dei tradisjonane som er representerte i barnehagen, og enda sterkare til høgtidsmarkeringar.

Vi synest også at det er fint at barna skal få undre seg over og samtale om ulike typar spørsmål. Vi synest ikkje at dette først og fremst skal gjerast for å gi barna eit grunnlag for kritisk tenking og dømmekraft, men at undring over dei store spørsmåla har verdi i seg sjølv. Tenking og filosofering er også med på å utvikle fantasi, kreativitet og meningsskaping, men dette er ikkje nemnt.

På punkt fire under *Personalgruppa skal*, ønskjer vi at omgrepet høgtidsmarkering framleis skulle ha vore nytta, og vore knytt opp til barnegruppa i barnehagen. På punkt fem om utviding av barnas tenking, kunne det ha i tillegg ha stått noko om respekten for den enkelte heim sine synspunkt.

Støtte- og rettleiingsmateriell

Rammeplanen er ei forskrift, vi meiner difor at dei fleste tema som vert handsama i høyringsutkastet bør bli utdjupa i rettleiingsmateriell/temahefte. Det er viktig at dette blir gjort på ein slik måte at dei ikkje erstattar fagbøker og utdanning. Det er også viktig at slikt materiell blir oppdatert.

Til dømes bør det vere støtte- og rettleiingsmateriell knytt til:

- Danning
- Medverknad
- Demokrati, demokratisk fellesskap og demokratiske verdier og normer.
- Dei yngste barna i barnehagen
- Vaksenrolla
- Organisering (av barnegrupper)
- Mangfald og gjensidig respekt
- Bærekraftig utvikling
- Livsmeistring og helse
- Leik
- Ansvar og roller

Oppsummering

Forslaget til Forskrift til rammeplan for barnehagen står fram som eit tydelegare styringsdokument, då det kjem tydeleg fram at det er eit juridisk dokument. Men av same grunn er det ikkje lenger så veleigna som eit arbeidsdokument for barnehagen. Kanskje bør ein stramme inn enno meir formatet som forskrift, og vidare at tema som forskrifta nemner blir utdjupa i rettleiingsmateriell eller temahefte som blir oppdatert jamleg.

Vi har til slutt nokre punkt som vi meiner må inn i rammeplanen:

- Kapittelet om ansvar og roller bør løftast inn tidlegare i rammeplanen, og barnehagelæraren sitt pedagogiske ansvar må løftast fram og gjerast tydelegare. Barnehagelæraren må særleg nemnast for å løfte fram profesjonen. Det må også inn ei setning i rammeplanen om at den enkelte barnehage har metodefridom. Det er viktig at det kjem inn ei setning om at «det skal normalt ikke bli satt mål for enkeltbarn.»
- Rammeplan som forskrift kan ikkje bringe inn nye verdiar, men dei verdiane som er nemnde i formålsparagrafen kan bli løfta fram. Dei verdiane som er kome med i tillegg kan verte utdjupa i rettleiingsmateriell.
- Vi tenkjer at avsnittet om overgangar kan bli utvida, og det bør også seie noko om overgangar innad i barnehagen. Det bør eksplisitt stå noko om at barnehagen må lage ein plan for oppstart for nye barn i barnehagen.
- Vi er kritiske til at lek vert omtala som eit behov som skal ivaretakast, mens læring og danning skal fremjast. Å fremje lek for alle barn i barnehagen er ei viktig oppgåve.
- I kapittelet om foreldresamarbeid er vi bekymra for at setninga: «Samarbeidet skal sikre at foreldrene får innflytelse på den individuelle tilretteleggingen av tilbudet.» skal kunne bli misbrukt. Den bør omarbeidast slik at det kjem fram at det skal vere til barnets beste.
- Når det gjeld det samiske perspektivet er vi kritiske til at rammeplanen nemner samisk oppdragelse, vi meiner oppdragelse må byttast ut med omgrepet element frå samisk kultur.

Med helsing

Arne Myklebust

Dekan

Avdeling for humanistiske fag og lærarutdanning

Høgskulen i Volda